



MØTEPROTOKOLL

Bjørgvin bispedømeråd 2016-2019

Dato: 14.12.2018 kl. 9:00
Sted: Bjørgvin bispedømekontor
Arkivsak: 17/01602

Tilstede: Inger Helene Nordeide, Karl Johan Kirkebø, Vemund Atle Øiestad, Ida Lindøe, Berit Nøst Dale, Marius Økland, Nora Sætre Baartvedt, Halvor Nordhaug, Kjersti Brakestad Boge, Arne Tveit

Møtende Arne Tveit for Beate Husa
varamedlemmer:

Forfall: Beate Husa

Andre: Jan Ove Fjellveit

SAKSLISTE Side

Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjenning av protokoll

Saker til behandling

<u>59/18</u>	Økonomirapport pr 30. november 2018	2
<u>60/18</u>	Bjørgvin bispedømmeråd Årsplan 2019	2
<u>61/18</u>	Bjørgvin bispedømmeråd - Høring om personalreglement for Den norske kirke	3
<u>62/18</u>	Bjørgvin bispedøme - Høyring Kyrkjeordning for Dnk 2. handsaming	4
<u>63/18</u>	Bjørgvin bispedøme - Høyring: Reglar for val av Kyrkjeråd	6
<u>64/18</u>	Ny soknestruktur i Lindås	7
<u>65/18</u>	Samanslåing av sokna i Øygarden til Hjelme og Blomvåg sokn	7
<u>66/18</u>	Overføring av Maurset frå Hornindal sokn til Nedstryн sokn i Stryn frå 1. januar 2019	8

Orienteringssaker

67/18

Delegerte vedtak - Bjørgvin bispedømeråd møte 14. desember 2018

8

68/18

Visitasrapport fra bispevisitas i Fana 29. oktober - 4. november 2018

8

Referatsaker

69/18

Referat frå møte i inkluderingsutvalet 05.11.18

Tilsettingssaker

13.12.2018

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Godkjenning av protokoll

Protokoll vert godkjent

Saker til behandling

59/18 Økonomirapport pr 30. november 2018

Vedtak

Bjørgvin bispedømeråd tar til vitande økonomirapport pr november 2018. Rapporten viser eit mindreforbruk på kr 2.341.000.

60/18 Bjørgvin bispedømmeråd Årsplan 2019

Click here to enter text.

Vedtak

Bjørgvin bispedømmeråd gjev tilslutning til å arbeide ut endeleg Årsplan og budsjett for 2019 ut i frå dei prioriteringane som er lagt til grunn frå orienteringa og dei innspel som kom fram i møte.

61/18 Bjørgvin bispedømmeråd - Høring om personalreglement for Den norske kirke

Votering

Votering: De fleste vedtak var enstemmig og to alternativer falt mot en stemmer av ti mulige. Dette gjaldt innledning alt 1 og §8 alt 2. §9 alternativ 3 fikk 3 stemmer, mens alt 2 fikk deretter 10 stemmer.

Vedtak

Bjørgvin bispedømmeråd gjorde følgende vedtak i møte 14.12.2018.

Innledning:

Bjørgvin bispedømmeråd takker for muligheten til å komme med høringssvar til nytt personalreglement for Den norske kirke.

Bjørgvin bispedømmeråd er positiv til at de tre reglementer erstattes av et felles personalreglement for Den norske kirke med nødvendige særbestemmelser.

Bjørgvin bispedømmeråd mener samtidig at forslaget ikke har gjort nødvendige forenklinger, og at det må forenkles ytterliggere. Bjørgvin bispedømmeråd vil i tillegg gi innspill på noen av elementene i forslaget slik det foreligger:

Til §4. Utlysning av stillinger

Tredje ledd: Vi er positive til at muligheten til å lyse ut kontorstillinger internt vert etablert som en fast ordning. Når det gjelder kravet om utlysning av prestestillinger må reglementet formuleres slik at det er i tråd med «Tjenesteordning for menighetsprester» §9, tredje ledd, om muligheten for «endring av særskilt arbeidsområde». Dette fordi det kan oppstå situasjoner der ledig stilling vert lyst ut, men at en prest får endret tjenesteded til der det er ledig stilling.

Til § 8. Innstillingsrådets sammensetting ved tilsetting av prester eller proster

Bjørgvin bispedømmeråd vil støtte at menighetene fortsatt skal ha sterkt votum i en tilsetting av menighetsprest. Imidlertid tror vi ikke at dette bør skje ved at menighetsrådet får medlem i innstillingsrådet. Prinsipielt har dette flere sider som ikke er utgred godt nok, eksempelvis knyttet til taushetsplikt og reelt ansvar for eventuelle feilansettelser. Prosessen er i dag tidkrevende og ressurskrevende, og det forslaget som her foreligger er ikke forenkrende, tvert om. Det er også uklart hvordan det er tenkt at vektingen skal være mellom menighetsrådet sin uttale og at menighetsrådet også har en representant i innstillingsrådet.

Hvis man likevel velger å vedta foreslalte modell bør det presiseres at representanten menighetsrådet utpeker til å sitte i innstillingsrådet, skal være en av de valgte medlemmene i menighetsrådet. Det bør også tydeliggjøres hva regelverket sier om andre prestestillinger enn menighetsprester.

Til § 9. Innstillende, forslagsstillende og tilsettende myndighet ved tilsetting ved bispedømmekontor eller i Kirkerådet

Bjørgvin bispedømmeråd gir sin tilslutning til at bispedømmerådet selv tilsetter Stiftsdirektør og øvrige lederstillinger ved bispedømmekontoret (§9, 2. ledd). Bjørgvin bispedømmeråd mener man burde fulgt en slik modell med tilsettingsråd for flere stillinger i Den norske kirke. Dette bør utredes videre.

Til §11 Behandling av søknader

Første ledd: Bjørgvin bispedømmeråd ber om at for søknader på stilling som prest så blir formuleringen om at søknadene skal videresendes «gjennom biskopen» tatt inn igjen.

Det står også at søkerliste skal sendes både til innstillingen myndighet og tilsettende myndighet. Vi foreslår at dette tillegget vert strøket, da det skaper unødig merarbeid. Etter dagens ordning får bispedømmerådet nødvendig dokumentasjon i forsvarlig tid.

Til §12 Deltagere ved intervju

Andre og tredje ledd: Det bør presiseres at den representanten menighetsrådet utpeker skal være av de valgte medlemmene.

Ved tilsetting av prost er tre medlemmer fra menighetsrådene en for mye. Det blir ikke en god intervjustituasjon med syv personer som skal delta i intervjustituasjonen.

Til §13. Innhenting av opplysninger

Andre ledd: Det kan i tillegg stå en setning om hvem man positivt kan innhente opplysninger fra: De oppgitte referansene.

Til §15

Andre ledd: Den siste setningen om at ingen kan stille med bundet mandat, er viktig. Det bør også understrekkes at ingen medlemmer av innstillingsrådet kan bringe opplysninger tilbake til det rådet de kommer fra. Det betyr at de hverken kan informere om hva de selv har stemt eller grunngi innstillingen.

Til §16

Femte ledd: Bjørgvin bispedømmeråd ønsker ikke en ordning der to representanter fra arbeidstakerorganisasjonene har stemmerett ved tilsettingssaker i bispedømmerådet. Dette synes ikke å være i tråd med §23 i kirkeloven, om sammensetning av bispedømmerådet.

Vi ønsker å videreføre dagens ordning med en representant for arbeidstakerorganisasjonene som har møte- og talerett.

Til §19 Kvalifikasjonsprinsippet

Bjørgvin bispedømmeråd ber om at dagens setning om at «Likeledes skal hensynet til forflytning vektlegges» tas inn igjen. Likeledes at det som tidligere skal sies eksplisitt at: «Behovet for representasjon av begge kjønn i prestekolleget skal vektlegges».

62/18 Bjørgvin bispedøme - Høyring Kyrkjeordning for Dnk 2. handsaming

Votering

Samrøystes vedtak.

Følgjande endringsforslag var samrøystes:

- * Det hastar å få på plass ei enklare og mindre ressurskrevjande organisering av Den norske kyrkja, ikkje minst når det gjeld framtidig organisering av arbeidsgjevarlinene.
- * Stryke følgjande setning under §39: utøve tilsyn med og pastoralt leiarskap i Den norske kyrkja.

Fylgjande endringsframlegg fekk ikkje fleirtal og vart ikkje med i høyringa:

- * Eit mindretal på 4 røysta for fylgjande formulering:
§22 Bjørgvin bispedøme er ikkje samd i endringane av §22. Framlegget er ei faktisk, men endå meir ei prinsipiell, innskrenking av soknet sitt mynde.
- ** Eit mindretal på 3 røysta for fylgjande formulering:
§32 Bjørgvin bispedømeråd meiner framleis at indirekte val i kyrkja prinsipielt er det rette.

Vedtak

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høve til å gje høyring til ny kyrkjeordning og er samd i intensjonen med å endre minst mogleg akkurat no.

Det hastar å få på plass ei enklare og mindre ressurskrevjande organisering av Den norske kyrkja, ikkje minst når det gjeld framtidig organisering av arbeidsgjevarlinene. Bjørgvin bispedømeråd ynskjer at det vert starta ein prosess som tar sikte på snarleg avklaring av ei organisering som er framtidsretta og ressurseffektiv.

Ein er glad for at framlegget, særleg i §1-5, understrekar at kyrkja er eit trussamfunn ved at ein legg vekt på det genuint kyrkjelege og ikkje det som vil gje seg av vanleg organisering i bedrifter og organisasjonar, og at ein har med dei kyrkjelege verdiane (§ 4).

§ 1 Her må ein i den nynorske versjonen nytta den aktive forma «vedkjenner»: Den norske kyrkja er ei evangelisk-luthersk kyrkje som vedkjenner trua på den treeinige Gud og evangeliet om frelse i Jesus Kristus

§ 3 Det har vore fremja framlegg om at tru nemnast saman med dåp. Dette er teologisk rett, men kan vera vanskeleg i ei kyrkjeordning då spørsmålet om korleis tru skal målast vil dukka opp. Bjørgvin bispedømeråd vil likevel foreslå at ein har med tru, ikkje som eit krav, men som eit kall, i §3, som då vert trinitarisk.

Framlegg: §3 siste punktum: «Alle døypte er kalla til å tru på Jesus Kristus, tene Gud og medmenneske og å ta del i kyrkja sitt liv.»

§ 5-6 Det er viktig at dei vigsla gruppene vert nemnde slik det vert gjort i §5, desse står i ein særstilling og vil vera der uansett kva ordning ein får i framtida. Det er ikkje trong for å nemna andre yrkesgrupper i kyrkja her sjølv om dei er viktige og har ansvar for å nå kyrkja sitt formål, fordi det vil gje seg av den organisering som i framtida vil verta vald og ein bør ikkje låsa seg no. Til dømes vert dagleg leiar i fellesrådet nemnd i §24 der det er naturleg etter dagens organisering.

Demokratiet i kyrkja må vera tydeleg i kyrkjeordninga og det vert gjort på ein god måte der det høyrer heime under § 6. Organisering av Den norske kyrkja. Dei formuleringane som her er brukt er dekkande for situasjonen i dag, og for å slå eintydig fast demokrati sin plass i kyrkjeordninga.

Dersom ein skal understreka det enno meir foreslår Bjørgvin bispedømeråd at ein tar det inn i §5.

Framlegg: §5 første punktum: «Oppdraget til Den norske kyrkja blir ivaretake i eit tenestefellesskap av frivillige, valde råd, tilsette og vigsla personar.»

Det kan diskuterast om «frivillige» er det rette ordet for kyrkjemedlemene som tar ansvar for å nå kyrkja sitt mål. Ei alternativ formulering kunne vera: «eit tenestefellesskap av uløna og løna medarbeidarar, valde råd og vigsla personar.»

§9 sjuande ledd. Bjørgvin bispedømeråd er samd i at det skal vera mogeleg med valkyrkelydar.

§ 10 Bjørgvin bispedømeråd er samd i formuleringa KM høgast representative organ og besluttande organ, då dette berre er ei stadfesting av dagens ordning og ikkje seier noko nytt om KM si makt.

§11 Bjørgvin bispedømeråd gjev tilslutning til at formuleringa «Har lovleg opphold i riket» er tatt inn. Dette vil gjera det mogeleg for asylsøkarar og flyktningar på mottak å verta medlemer medan dei ventar på å bli busett eller få avklart si sak.

§ 13 Bjørgvin bispedømeråd går inn for å halda på den ordninga som er i dagens §14 i kyrkjelova, at biskopen kan gje samtykke til at nokon får overført sitt medlemsskap til eit anna sokn. Det er prinsipielt uheldig at eit sokneråd som sjølv potensielt er på val og/eller kan stilla liste skal kunna innvilga eller avslå søknadar om overføring av medlemsskap. Ein kan tenka seg tilfelle der eit sokneråd er sett saman frå fleire vallister, at fleirtalet gjev sine tilhengrar medlemsskap og avslår dei som hører til den motsette lista. Det er difor mest ryddig at ein annan instans har dette ansvaret og ein går inn for at det framleis skal vera biskopen. Arbeidsmengda før eit val har ikkje vore stor.

Bjørgvin bispedømeråd er samd i at Mellomkyrkjeleg råd endrar status til å verta eit fagutval

§ 22 Bjørgvin bispedømeråd er samd i formuleringa av soknemøtet sine oppgåver og at ein held på, den i innhald uendra, formuleringa: «Soknemøtet avgjer saker om innføring av gudstenestlege bøker i kyrkja når Kyrkjemøtet har overlate spørsmålet til avgjerd i soknemøtet.»

*

**

§39 Bjørgvin bispedømeråd meiner den foreslalte formuleringa signaliserer ei endring i bispemøtet si rolle og vil foreslå ei anna formulering, meir i tråd med den som er i dag.

Framlegg §39 andre ledd: «Bispemøtet skal verka for samordning av dei gjaremåla som ligg til biskopane etter gjeldande reglar, vareta kyrkja si lære og teologi og fremje einskap i kyrkja og med andre kyrkjer. Bispemøtet, og utfører elles dei gjaremåla som til ein kvar tid er pålagt ved føresegner frå Kyrkjemøtet.»

63/18 Bjørgvin bispedøme - Høyring: Reglar for val av Kyrkjeråd

Click here to enter text.

Vedtak

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høve til å gje høyring til reglar for val av Kyrkjeråd.

(1.) Ein er samd i dei vurderingane som er gjort i innleiinga av høyringsnotatet om dei ulike omsyn som må vegast mot kvarandre. Bjørgvin bispedømeråd støttar målsetjinga om at det skal vera minst 40% av kvart kjøn og minst 20% under 30 år i råd og utval og prinsippet om at mindretallet skal vera representert i dei styrande organ slik at dei avspeglar breidda i Den norske kyrkja. Når det no har vore, og ser ut til å bli, listeaval til Kyrkjemøtet er forholdsval til Kyrkjerådet den naturlege valordninga. Høyringsnotatet seier også at dette er den valordninga som etter Kyrkjerådet si meining gjev den beste representasjon av Kyrkjemøtet

sitt mindretal i Kyrkjerådet. Ei valordning bygd på dette prinsippet hadde difor vore å foreterekka. Det har ein vald å ikkje fremja i denne omgang.

(3.) Bjørgvin bispedømeråd støttar framlegget om å vidareføra dagens ordning for val av leiar til Kyrkjerådet.

(4.) Av dei to alternativa til val av medlemer vil Bjørgvin bispedømeråd gå for Alternativ 2 slik det står. Dette alternativet har ein valomgang meir enn Alternativ 1, men det vil gje Kyrkjemøtet betre høve til å ta vare på si målsetjinga om at det skal vera minst 40% av kvart kjøn og minst 20% under 30 år i råd og utval, og prinsippet om at mindretallet skal vera representert i dei styrande organa slik at dei avspeglar breidda i Den norske kyrkja.

(5.) Bjørgvin bispedømeråd støttar at ein vidarefører ei valordning der dei av kandidatane som får nest mest stemmer vert vald som varamedlemer.

(6.) Når det gjeld nominering av kandidatar støttar Bjørgvin bispedømeråd at dagens ordning vert vidareført ved at alle prestar (11) i Kyrkjemøtet er kandidatar til dei 4 medlemene og 4 varamedlemer som skal veljast og at valkomiteen set opp 3 av dei leike kyrkjeleg tilsette i Kyrkjemøtet som kandidatar til 1 medlem og 1 varamedlem.

Bjørgvin bispedømeråd støttar framlegget om å vidareføra dagens ordning der valkomiteen er nominasjonskomite ved nyval i perioden.

(7.) Bjørgvin bispedømeråd støttar framlegget om å vidareføra dei noverande føresegner slik Kyrkjerådet gjer framlegg om.

64/18 Ny soknestruktur i Lindås

Forslag til vedtak

Skriv inn teksten her.

Vedtak

Bjørgvin bispedømeråd gjer vedtak om å slå saman sokna Alversund, Seim og Lygra til eit nytt sokn med namnet Knarvik sokn og sokna Lindås, Myking og Hundvin til eit nytt sokn med namnet Lindås sokn.

Dei nye sokna vert oppretta med verknad frå 1. januar 2020. Kvart av dei nyvalde sokneråda vil fungere som felles sokneråd for dei tre sokna dei spring ut frå i tida 1. november til og med 31. desember 2019. Soknerådsvalet blir gjennomført som om inndelingsendringa allereie har trådd i kraft.

65/18 Samanslåing av sokna i Øygarden til Hjelme og Blomvåg sokn

Vedtak

Bjørgvin bispedømeråd gjer vedtak om å slå saman sokna Hjelme og Blomvåg til eit nytt sokn med namnet Hjelme og Blomvåg sokn.

Det nye soknet vert oppretta med verknad frå 1. januar 2020. Det nyvalde soknerådet vil fungere som felles sokneråd for dei to sokna i tida 1. november til og med 31. desember 2019.

Soknerådsvalet blir gjennomført som om inndelingsendringa allereie har trådd i kraft.

66/18 Overføring av Maurset fra Hornindal sokn til Nedstryn sokn i Stryn frå 1. januar 2019

Skriv inn teksten her.

Vedtak

Bjørgvin bispedømeråd gjer vedtak om at Maurset i Markane krins blir overført frå Hornindal sokn til Nedstryn sokn frå 1. januar 2019.

Orienteringssaker

Saksnr.	Arkivsak	Tittel
67/18	17/02887-8	Delegerte vedtak - Bjørgvin bispedømeråd møte 14. desember 2018
68/18	18/03075-7	Visitasrapport fra bispevisitas i Fana 29. oktober - 4. november 2018

Referatsaker

Saksnr.	Arkivsak	Tittel
69/18	18/05090-1	Referat frå møte i inkluderingsutvalet 05.11.18